



Årsregnskap for regnskapsåret 2013

Organisasjonsnr: 982 571 197
Navn/foretaksnavn: NORSK AUDIOVISUELL
OVERSETTERFORENING
Forretningsadresse: Arbeidersamfunnets plass 1 C
0181 OSLO

Brønnøysundregistrene
06.09.2020

Brønnøysundregistrene

Postadresse: 8910 Brønnøysund

Telefoner: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05

E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no

Organisasjonsnummer: 974 760 673




Brønnøysundregistrene – Regnskapsregisteret

2014 109072

VEDLEGG TIL ÅRSREGNSKAP 2013



NORSK AUDIOVISUELL OVERSETTERFORENING Arbeidersamfunnets plass 1 0181 OSLO	Organisasjonsnr.	FLI
	982 571 197	



Registrerte opplysninger per 11.04.2014		Eventuelle endringer dette regnskapsåret	
Startdato 01.01.2013	Avslutningsdato 31.12.2013	Startdato	Avslutningsdato
Konsernforhold Foreninger som følger regler for frivillig virksomhet, kan ikke være morselskap	Morselskap NEI	Endret konsernforhold <input type="checkbox"/> Morselskap <input type="checkbox"/> Ikke morselskap	

Kun for aksjeselskap som har meldt fravalg av revisjon

Selskapet har besluttet at årsregnskapet ikke skal revideres Ja

Årsregnskapet er utarbeidet av ekstern autorisert regnskapsfører Ja

Ekstern autorisert regnskapsfører har i løpet av regnskapsåret bistått ved den løpende regnskapsføringen eller utført andre tjenester for selskapet enn å utarbeide årsregnskapet Ja

Årsregnskapet er satt opp etter reglene for frivillig virksomhet Avkrysning er kun aktuelt for foreninger (FLI) som er registrert i Frivillighetsregisteret

Hvis enheten ikke følger norsk regnskapslov eller frivillighetsregisterloven, kryss av IFRS selskap IFRS konsern

Hvis enheten velger å avvike fra regnskapsloven § 6-1, kryss av Funksjon selskap Funksjon konsern

Følges regnskapsreglene for små foretak? Ja Nei

Jeg bekrefter at vedlagte årsregnskap er fastsatt av kompetent organ den Dato 26.04.2014

Sted/dato, Underskrift av representant for enheten
Oslo 28.04.14 *[Signature]*

Bare til bruk for Regnskapsregisteret *SKU*

G NYVE Admr Kregn Ja Nei Aktiv. regn

M Rets Ant.s

ov.b årsb res bal e.bal gj.bal rev i-rev k-res k-bal k-n k-rev i-k-rev n

k-regn kto d.k ik-fv konsf ifrs fr-rev funk u.off brev



BR-1001-11





RESULTATREGNSKAP	Noter	Regnskap 2012	Budsjett 2013	Regnskap 2013
Driftsinntekter				
Tilskudd fra AViOF		1 400 000	1 400 000	1 400 000
Medlemskontingent		191 812	195 000	227 250
Andre inntekter	1	25 000	25 000	25 000
Sum driftsinntekter		1 616 812	1 620 000	1 652 250
Driftskostnader				
Lønn og personalkostnader	2	675 885	805 750	793 853
Godtgjørelse komiteer og styre	3	154 200	184 000	119 350
Ekstern bistand	4	67 282	130 000	83 602
Møte- og reisekostnader		18 219	60 000	16 451
Telefon og porto		5 727	6 500	2 603
Drift kontor	5	58 167	80 000	69 586
Andre driftskostnader	6	47 159	25 000	69 226
Sum driftskostnader		1 026 639	1 291 250	1 154 671
Fagpolitiske tiltak				
Oversatte dager			20 000	1 306
Juridisk bistand				29 531
Medlemsarrangementer	7	102 286	235 000	228 604
Drift servicefasiliteter	8	46 688	70 000	61 613
Kostnader handlingsprogram		184 792		
Internasjonalt nettverk			80 000	16 186
Kontingenter, bidrag andre org.	9	3 650	27 000	17 373
Sum fagpolitiske tiltak		337 416	432 000	354 614
Resultat før finansposter		252 758	(103 250)	142 965
Finansinntekter og -kostnader				
Renteinntekter		29 231	25 000	32 670
Rentekostnader og gebyrer		(1 341)	(1 500)	(961)
Andre finanskostnader		-	-	(63)
Sum finansposter		27 890	23 500	31 646
Årsresultat		280 648	(79 750)	174 611
Disponeringer				
Avsetning til kampfond		-	-	21 635
Overført egenkapital		280 648	(79 750)	152 977
Sum disponeringer		280 648	(79 750)	174 611





BALANSE PR. 31.12.2013	Noter	Regnskap 2012	Regnskap 2013
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Driftsmidler			
Aksjer og andeler		35 000	35 000
Langsiktige fordringer		-	-
Sum anleggsmidler		35 000	35 000
Omløpsmidler			
Kortsiktige fordringer		263 707	281 468
Kasse og bank		1 235 641	1 352 278
Sum omløpsmidler		1 499 349	1 633 745
SUM EIENDELER		1 534 349	1 668 745
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Andel ikke-disponert årsresultat			152 977
Kampfond		623 253	644 888
Fri egenkapital		722 307	722 307
Sum egenkapital		1 345 560	1 520 171
Kortsiktig gjeld			
Lån AViOF			
Skyldig skattetrekk/offentlige avgifter		91 412	56 877
Avsatte feriepenger		76 764	70 713
Annen kortsiktig gjeld		20 612	20 984
Sum kortsiktig gjeld		188 788	148 574
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 534 349	1 668 745

De medfølgende noter er en del av årsregnskapet.


Oslo, 7. april 2014


May Hilde Hoelstad



Ole Jan Børgund


Håge Vik


Mona Grønlie Herzog


Morten Gottschalk


Marianne Hagen

Nicolai Herzog




NOTER TIL ÅRSREGNSKAPET FOR 2013

Note 1	PKK	<u>25 000</u>
	Andre inntekter	<u>25 000</u>
Note 2	Lønn (80 % + 50 %)	642 072
	Frikjøp Elisabeth	0
	Tjenestepensjon	29 949
	Timelønn	0
	Arbeidsgiveravgift	<u>121 833</u>
	Lønn og personalkostnader	<u>793 853</u>
Note 3	Godtgjørelse komiteer og styrer	194 550
	Godtgjørelser AVIOF kostnader ovf til AVIOF	<u>-75 200</u>
	Godtgjørelser komiteer og styre	<u>119 350</u>
Note 4	Revisjonshonorar	29 375
	Regnskapshonorar	52 683
	Annen bistand	1544
	Ekstern bistand	<u>83 602</u>
Note 5	Rekvisita, kontorutstyr, EDB	18 200
	Husleie	42 984
	Internett, etc.	8 402
	Avskrivninger	<u>0</u>
	Drift kontor	<u>69 586</u>
Note 6	Mindre anskaffelser	6 553
	Trykksaker, kopiering	10 480
	Blomster	649
	Forsikringer	4 262
	Tap på fordringer	43 000
	Andre kostnader	<u>4 283</u>
	Andre driftskostnader	<u>69 226</u>



Note 7	Egenandel årsmøte	-7 750
	Årsmøteutgifter	85 387
	Egenandel julebord	-15 600
	Julebord	56 053
	Seminarer, kurs	110 514
	Medlemsarrangementer	<u>228 604</u>
Note 8	Husleie kontorfellesskap	42 984
	Internett, nettsider, etc.	16 139
	TEIS	2 490
	Avskrivninger	0
	Leieinntekter	<u>0</u>
	Drift servicefasiliteter	<u>61 613</u>
Note 9	Bidrag andre aktiviteter	0
	Kontingent FIT	2 873
	Kontingent Foreningen Norden	500
	Kontingent NFFO	650
	Nettverksted.no	12 500
	Julemøte Opphavsrettsforeningen	350
	Kontingent Norwaco	<u>500</u>
	Kontingent/bidrag andre org.	<u>17 373</u>



Årsmelding frå styret i NAViO

1 ORGANISASJON

1.1 Medlemmer

NAViO hadde 167 medlemmer ved utgangen av 2013. Foreininga har hatt ein nettoauke på fem medlemmer dette året. Fire av medlemmene var støttemedlemmer som har gitt seg som audiovisuelle omsetjarar, men betaler halv kontingent og har alle medlemsrettar utanom røysterett. Fem av medlemmene har søkt om og fått godkjent lågare kontingent eller fritak på grunn av låg inntekt. Ingen medlemmer er blitt utmelde i 2013 på grunn av manglande kontingentinnbetaling.

1.2 Styret

Etter årsmøtet i 2013 hadde styret denne samansetjinga:

Ole Jan Borgund (leiar)
Nicolai Herzog (1. nestleiar)
Mona Grønlie Herzog (2. nestleiar)
Morten Gottschalk
May-Hilde Hoelstad
Marianne Hagen
Helge Vik

Ragnhild Nannette Ruud (1. vara)
Jostein Miyamoto Nordmoe (2. vara)
Trygve Lie (3. vara)
Heidi Wallevik (4. vara)

Styret har hatt ni ordinære styremøte i 2013, alle i Oslo. I tillegg hadde styret ei strategisamling i mai saman med AViOF-styret. Utanom det har styremedlemmene hatt utstrekt kontakt per e-post og telefon. Styret har behandla 78 saker i 2013. Styreleiar Ole Jan Borgund, første nestleiar Nicolai Herzog og foreiningssekretær Elisabeth Rusdal har hatt prokura på vegner av NAViO.

1.3 Administrasjon

Ole Jan Borgund har vore tilsett i halv stilling som leiar i heile 2013. Elisabeth Rusdal er tilsett som foreiningssekretær på fulltid, men hadde i 2013 20 % ulønt permisjon og jobba derfor 80 %.

1.4 Komitear og grupper

Etter årsmøtet har AViOF-styret vore samansett av Evy Hvidsten (leiar), Mona Grønlie Herzog, Kirsten Tuv og Sølvi Hammerseth.
Ragnhild Ruud, Line Gustad og David Skahjem har sete i valkomiteen.
I stipendkomiteen har vore samansett av Tone Bøstrup, Evy Hvidsten og Ellen Prytz.
I teksteprisjuryen sat Tone Bøstrup, Morten Gottschalk, Nicolai Herzog, Ragnhild Nannette Ruud og Morten Rølling.
Seminarkomiteen var samansett av Ole Jan Borgund, Marianne Hagen, May-Hilde Hoelstad og Nicholas Norris.
Julebordkomiteen var samansett av Mona Grønlie Herzog, Nicolai Herzog, Nicholas Norris og Heidi Wallevik.
NAViOs økonomiutval var samansett av Ole Jan Borgund, Tore Fossheim, Evy Hvidsten, Marion Larsen, Elisabeth Rusdal, Line Gustad, Ragnhild Nannette Ruud og Helge Vik.



1.5 Medlemskap

NAVIO er medlem av

- Nettverkstedet
- Oversetterforum
- Norwaco
- Audio Visual Translators Europe
- Fédération Internationale des Traducteurs
- Foreningen Norden
- Opphavsrettsforeningen

1.6 Avtaler

NAVIO har disse avtalane:

- Forvaltningskontrakt med Norwaco
- Vederlagskontrakt med Norsk Filmvederlagsfond

1.7 Representasjon

- Ole Jan Borgund representerte NAVIO på NOs årsmøte.
- Ole Jan Borgund representerte NAVIO på NFFOs årsmøte.
- Morten W. Krogstad representerte NAVIO på NOs haustseminar.
- Marianne Hagen representerte NAVIO på NFFOs haustseminar.

2 ØKONOMI

Dei viktigaste inntektskjeldene til NAVIO er medlemskontingenten og tilskot frå Audiovisuelle oversetteres fond, AViOF.

2.1 Medlemskontingenten

Medlemskontingenten var i fjor 1500 kroner, delt i to halvårlege ratar. Dette utgjorde ei inntekt på til saman 227 250 kroner. Per 31. desember 2013 var det 28 medlemmer som skulda kontingent.

Storleiken på medlemskontingenten og regelverket for innkrevjing av medlemskontingent kjem opp som eiga sak på årsmøtet i 2014.

2.2 AViOF-tilskot

NAVIO fekk tilført 1 400 000 kroner i tilskot frå AViOF i 2013. AViOFs inntekter er vederlagsmidlar frå Norwaco (i hovudsak vederlag for vidaresending og for kopiering i skuleverket) og frå Norsk Filmvederlagsfond.

Det er eit mål at vederlagsmidlane som AViOF får inn gjennom Norwaco og Filmvederlagsfondet, i størst mogleg grad skal komme opphavspersonane sjølve til gode. AViOF fordeler midlane dels direkte til enkelttekstarar i form av såkalla privatkopieringskompensasjon (på grunnlag av dokumentert produksjon), dels som reisestipend (etter søknad), og dels som støtte til det arbeidet NAVIO gjer for å fremme interessene til tekstarane og auke den faglege kompetansen deira.

Ettersom Norwaco framleis ligg i strid med fleire av distributørane, har utbetalingane frå Norwaco til AViOF også i 2013 vore mindre enn venta. Situasjonen er no blitt så alvorleg at det begynner å få konsekvensar for NAViOs budsjettering.

2.3 Rekneskap 2013

Rekneskapen for 2013 er gjort opp med eit overskot på 174 611 kroner, mot eit budsjettert underskot på 79 750 kroner. Hovudårsaka til denne forskjellen er lågare lønnsutgifter enn planlagt og varsam pengebruk i lys av situasjonen i Norwaco.

3 SAKER i 2013

NAViO-styret har behandla 78 saker i 2013. Det er spesielt verd å merke seg desse:

3.1 Oversatte dager

Kvart tredje år arrangerer NO og NFFO i samarbeid Oversatte dager. I 2013 var det NFFO som hadde det overordna ansvaret for arrangementet, som gjekk av stabelen i februar/mars. Inger Sverreson Holmes var leiar for programkomiteen. Oversatte dager skal synleggjere det arbeidet omsetjarar av alle slag gjer. Det var over 60 programpostar på dei tre dagane arrangementet varte. NAViO deltok med framvising av TEIS (Teksting i skulen) på teksting.no, ein konkurranse om å finne gode teksteløysingar på ordspel (vi pusta letta ut på vegner av standen då det blei klart at ein tekstar gjekk av med sigeren) og eit foredrag om teksting ved Ole Jan Borgund. Det var også andre innlegg som handla om audiovisuell omsetjing på Oversatte dager, blant anna Janne Skovgaard Bjotheits foredrag "Med øye for teksten", Bjørn Fredrik Meyers foredrag om "Å tekste *Filmens historie*" og Christina Violeta Thrane Storsves samtale med Nils Ivar Agøy om omsetjing og teksting av *Hobbiten*.

3.2 Krediteringstekst

Utpå hausten fekk styret inn fleire meldingar om at enkelte av oppdragsgivarane, særleg utanlandske aktørar, ikkje ønskte at tekstane skulle setje namnetekst på verka sine. Vi såg også sjølve at krediteringsteksten ikkje var med på ein del av programma på Netflix. NAViO har sendt e-post til fleire oppdragsgivarar og gjort dei merksame på at retten til å bli namngitt er ein ufråvikeleg rett med heimel i både Bernkonvensjonen og den norske åndsverklova. Hos dei større seriøse byråa har vi i hovudsak møtt forståing for dette.

3.3 Norwaco

Som kjent ligg Norwaco i strid med nokre av dei største kundane sine på vidaresendingsområdet, Canal Digital, Get og RiksTV, og desse distributørane har no i lengre tid nekta å overføre vederlagsmidlar til Norwaco. Det er fleire stridsspørsmål i denne konflikten: a) om vidaresendingsrettane allereie er klarerte på lågare nivå før utsending, b) om det eigentleg er vidaresending desse distributørane driv med, og c) om Norwaco har formelt rett til å krevje inn vederlag. No har fleire av desse sakene hamna i rettssystemet, og det ser ut til at det vil gå lang tid før dei er løyste. For NAViOs del inneber desse konfliktane at vi no får inn langt mindre pengar frå Norwaco enn før, og det får konsekvensar for pengebruken i foreininga. Dette temaet står på dagsordenen i det faglege programmet etter årsmøtet.

3.4 Krav om meirverdiavgift på teksting

Ein medlem som er sjølvstendig næringsdrivande, fekk bokattersyn i 2012, og i den samanheng meinte Skatt øst at ho burde svare meirverdiavgift av inntekter frå teksting. Dette ville vere noko heilt nytt og bryte med det som er etablert praksis i bransjen. Medlemmen oversende då til Skatt øst kopi av eit notat som NAViO har fått frå Oslo fylkesskattekontor i samband med endringar i meirverdiavgiftslova i 2001, og som gjer det klart at teksting som er

omsetjing, er unnateke meirverdiavgift i Noreg. Dette var likevel ikkje tilstrekkeleg til å overtyde saksbehandlarane i Skatt øst. NAViO-styret søkte hjelp hos advokat Hans Marius Graasvold i saka, og han sende eit brev til Skatt øst der han gjorde greie for åndsverklova og meirverdiavgift i den samanheng.

Etter ny behandling stod Skatt øst fast på kravet om at det skal svarast meirverdiavgift for teksting, noko medlemmen fekk brev om i november 2013. Både NAViOs advokat og medlemmens eigen skatteadvokat har vore i kontakt med Skatt øst. Saka til denne enkeltmedlemmen er no lagd til side, og problemstillinga er løfta opp på eit høgare nivå i skatteetaten. I framtida vil diskusjonen om teksting og meirverdiavgift skje mellom NAViO og KOS (seksjon for kvalitet og samordning) i skatteetaten.

3.5 Den nordiske konferansen for audiovisuelle omsetjarar

Den 13. og 14. september 2013 arrangerte NAViO i samarbeid med Forum for Billedmedieoversættere (FBO) i Danmark den første nordiske konferansen for audiovisuelle omsetjarar. Temaet for konferansen var *godt språk og kvalitet i teksting*. Det var om lag 100 deltakarar på konferansen, både tekststarar, vitskapsfolk, byråtilsette og representantar for fjernsynskanalar, medium og språkråd i Norden. Naturleg nok var det flest deltakarar frå Sverige, sidan konferansen blei arrangert der, men det kom også ein stor delegasjon frå Finland og litt færre frå Danmark og Noreg. På programmet stod faglege/fagpolitiske foredrag av representantar frå både Finland, Danmark, Sverige og Noreg, og konferansen blei avslutta med ein paneldebatt med deltakarar frå dei nasjonale fjernsynskanalane og representantar frå tekstestbyrå og tekststarorganisasjonar.

Hovudmåla med konferansen var blant anna å fremme det vi kallar "den nordiske modellen" for teksting, og å støtte opp under den fagpolitiske bløminga i Sverige, der tekststarane nyleg har organisert seg som ein eigen klubb under Journalistförbundet. Eit anna viktig mål med konferansen var at byråtilsette skulle få møte tekststarane på vår eigen arena, slik at dei kunne få eit betre inntrykk av kva som rører seg blant oppdragstakarane deira. Dessutan var det ikkje minst viktig for oss å skape eit forum der audiovisuelle omsetjarar fekk møte og snakke med kollegaer over landegrensene. Vi synest vi lykkast godt med å nå desse måla.

3.6 PKK-fordelinga

Styret sette i 2012 ned eit privatkopieringskompensasjonsvurderingsutval som skulle sjå nærmare på NAViOs fordeling av privatkopieringsvederlag og eventuelt komme med forslag til endringar. Utvalet hadde fleire møte gjennom vinteren 2012/2013 og sende innstillinga si til styret den 22. mars 2013. Styret valde å leggje fram innstillinga for årsmøtet som ei orienteringssak og be om innspel frå forsamlinga. Ut frå diskusjonen om dette på årsmøtet og usemja som rådde i medlemsmassen, valde styret å be medlemmene avgjere saka ved uravrøysting med siste frist 20. august. Resultatet av uravrøystinga var at den såkalla "verdimodellen" (som inneber at kompensasjonen per "produsert" minutt er avhengig av salsverdien i førsteleddet, altså frå omsetjar til oppdragsgivar) skulle takast i bruk frå og med tildelinga i 2013.

Dette innebar at innrapporteringa av produksjonen måtte fordelast på oppdragstype i 2013, og at vi gjekk bort frå ordninga med ein flat del og ein produksjonsavhengig del. Det verka som det gjekk greitt å fordele produksjonen på oppdragstype, men somme har framleis eit stykke veg å gå når det gjeld å dokumentere opplysningane på ein ryddig måte. Dette vil det bli teke høg for i neste runde med fordeling av privatkopieringskompensasjon.



Staten løyvde til saman 44 millionar kroner til privatkopieringskompensasjon i 2013, og NAViOs andel av dette var 1 951 976 kroner. Fristen for å sende inn krav om privatkopieringskompensasjon var den 1. november, og det kom inn om lag 150 krav. AViOF gjekk gjennom og kontrollerte krava i november, og pengane blei utbetalte i første halvdel av desember.

3.6 Teksteprisen

NAViOs pris for framifrå teksting 2013 gjekk til Kato Martin Hansen for tekstinga av *Mafiaen – en økonomisk stormakt* og *Tour de France i 100 år*. Prisen blei delt ut på St. Hieronymus-dagen den 26. september. Prisvinnaren sette stor pris på prisen.

3.7 Bergen

I og omkring Bergen finst det etter det vi veit, 15–20 tekstarar. Dei fleste av dei er knytte til TV 2 eller NRK. NAViO-styret har hatt som mål å støtte opp om fagpolitiske og sosiale tiltak for tekstarar som held til utanfor hovudstadsområdet og. Heidi Wallevik inviterer no til lokale tekstepilstreff med ujamne mellomrom, gjerne i tilknytning til "Oversatt, men ikke oversett", eit månadleg arrangement på Litteraturhuset i Bergen som set søkjelyset på omsetjing i alle moglege variantar. Den 8. oktober stod teksting på programmet, og Børge Johnsen heldt då eit godt foredrag om ulike sider ved arbeidet som tekstar.

Styret har hatt planar om å få til eit miniseminar i Bergen, men dette lét seg ikkje gjennomføre i 2013. Desse planane er likevel ikkje lagde bort.

3.8 Andre konferansar

I tillegg til den nordiske konferansen for audiovisuelle omsetjarar i september har det vore arrangert to viktige internasjonale konferansar i 2013: Det nordiske språkmøtet i Akureyri den 28. og 29. august og Media for All i Dubrovnik frå 25. til 27. september. Ole Jan Borgund var til stades på begge desse konferansane.

Det nordiske språkmøtet er ein årleg konferanse for dei nasjonale språkråda i Norden, men han er også open for andre interesserte. Temaet for møtet på Akureyri var språk og teknologi.

Media for All blir arrangert annakvart år og samlar tekstarar, byråtilsette, forskarar og andre som har tilknytning til audiovisuell omsetjing. Temaet for konferansen i Dubrovnik var "Expanding Borders", og mange av foredraga handla om korleis ein kan gjere medieinnhald tilgjengeleg for publikum med ulike funksjonshemmingar. Konferansen blei avslutta med ein paneldebatt med representasjon frå fleire av NAViOs systerorganisasjonar i Europa.

4 MEDLEMSARRANGEMENT

4.1 Årsmøtet

NAViOs årsmøte 2013 gjekk av stabelen i Fritt Ords lokale i Uranienborgvegen 2 den 27. april. Det kom 45 medlemmer til årsmøtet, noko som truleg var ny rekord i oppslutning, og 39 deltok på middagen etter årsmøtet. I etterkant av årsmøtet heldt advokat Morten Solberg eit foredrag om opphavsrett og kontrakttingåing, og Johannes de Vries hadde kurs i EZTitles.

4.2 Julebord og haustseminar

NAViOs haustseminar blei arrangert på Bristol i Oslo den 29. og 30. november. I arrangementskomiteen sat Ole Jan Borgund, Marianne Hagen, May-Hilde Hoelstad og Nicholas Norris. Foredragshaldarar var Erik Kendel (narkotikaterminologi), Methab Afsar (islamske skikkar), Kari Margrethe Lund Hamkoll (jødiske skikkar), Steve Westerby (slakt og



stykkning) og Harald Mæle (dubbing). I tillegg nytta vi høvet til å ha ein fagpolitisk time med diskusjon om NAViOs handlingsplan. Det var 48 deltakarar på haustseminaret.

NAViOs julebord 2013 blei arrangert på Bristol den 30. november. Arrangementskomiteen var samansett av Heidi Wallevik, Nicholas Norris, Mona Grønlie Herzog og Nicolai Herzog. Det møtte 47 medlemmer på julebordet. Det verka som alle var godt nøgde med både haustseminaret og julebordet.

4.3 Tekstepils

Tekstarane har sin eigen sjølvrekrutterande tekstepilskomite, som i 2013 var samansett av Evy Hvidsten, Morten Helland, Nicolai Herzog og Ole Jan Borgund. Det har vore arrangert fem tekstepilstreff i 2013, med varierende, men stort sett godt oppmøte.

5 MEDLEMSTILBOD

5.1 Administrasjonen

Foreningssekretær Elisabeth Rusdal og styreleiar Ole Jan Borgund yter etter beste evne medlemssørvris frå NAViO-kontoret ved å svare på faglege, organisatoriske og økonomiske førespurnader, formidle arbeidsoppdrag og hjelpe til med andre praktiske spørsmål.

5.2 NAViO-ringene

NAViO-ringene er tydelegvis ein populær arena for medlemmene, både som ein levande kunnskapsbank der ein kan få svar på dei mest forunderlege spørsmål, og som ein arena der audiovisuelle omsetjarar kan diskutere meir og mindre fagleg relaterte tema.

5.3 Facebook-gruppe

NAViO oppretta hausten 2012 si eiga Facebook-gruppe for medlemmene. Den fungerer som eit supplement til NAViO-ringene. Dels blir spørsmål og innlegg lagde ut begge stader, dels berre éin av stadene. Gruppen har om lag 90 medlemmer.

5.4 Nettverkstedet

NAViO er deleigar av Nettverkstedet saman med NO og NFFO. Alle NAViO-medlemmer har derfor tilbod om gratis tilgang til Nettverkstedet, der dei blant anna kan slå opp i Ordnett.no (engelsk, tysk, fransk og spansk) og gå inn på andre nyttige oppslagsverk for omsetjarar.

5.5 NAViO-sidene

På NAViO-sidene ligg det generell informasjon om NAViO og tekstebrensjen, og det er lenkjer til nettsider som kan vere av interesse for audiovisuelle omsetjarar. Vi bruker også nettsidene som informasjonskanal til medlemmene og andre interesserte, for eksempel om kommande arrangement, og vi legg ut blant anna søknadsskjema for stipend og privatkopieringsvederlag.

5.6 Informasjonsbrev

Vi har halde fram med å sende ut kortfatta informasjon om aktuelle saker med relativt jamne mellomrom, ikkje altfor lenge etter kvart styremøte. Desse har vi sendt som e-postvedlegg til alle medlemmene og til alle på NAViO-ringene. Tilbakemeldingane tyder på at dette er populært lesestoff blant medlemmene.

5.7 Kurs

NAViO skal halde fagleg relevante kurs for medlemmene. I 2013 avgrensa dette seg til eit kurs i bruk av EZTitles som blei halde i samband med årsmøtet i april.



6 OPPDRAGSGIVARANE

Det er framleis tre store og fleire mindre tekstebyrå på den private marknaden i Noreg. I tillegg er NRK ein stor oppdragsgivar i tekstebransjen. NAViO-styret innleidde i 2012 eit langsiktig arbeid for å komme i dialog med dei private byråa for på sikt å oppnå betre vilkår for tekstarane. Vi har halde fram med dette arbeidet i 2013. I samtalar med byråa møter vi ofte ei viss forståing for krava vi legg fram, men det har vore vanskeleg å oppnå reelle framsteg i form av monaleg auke honorara eller betring av arbeidsvilkåra. Vi prøver i slike samanhengar å formidle at vi er i dialog med alle tekstebyråa, og at vi ikkje ønskjer å endre konkurransesituasjonen byråa imellom gjennom krava vi set fram.

BTI

BTI har knytt til seg om lag 80 tekstarar. Dei opererer i hovudsak på tv-marknaden, men har også mange oppdrag innanfor dvd- og internetteksting. Dei har eit lite kontor i Oslo. BTI har individuelle avtalar med tekstarane sine, som i hovudsak er sjølvstendig næringsdrivande. Byrået har også ein del fast tilsette tekstarar. Det verkar som BTI no knyter til seg fleire norskspråklege tekstarar i utlandet som får lågare honorar enn tekstarane i Noreg.

NAViO var i forhandlingar med BTI-leiinga i Oslo i desember 2012 og la då fram krav om ein generell auke i honorara og visse justeringar i avtalen. Byrået ønskte ikkje å inngå nokon avtale med NAViO, men ville heller halde fram med individuelle kontraktar med tekstarane sine. BTI innførte ein mindre, generell auke i honorarsatsane sine frå januar 2013. Dette påslaget var likevel ikkje nok til å kompensere for auken i konsumprisindeksen sidan førre honorarjustering, og det er ikkje følgt opp med ytterlegare honorarjusteringar seinare.

SDI

SDI har knytt til seg om lag 50 tekstarar. Dei opererer i hovudsak med underteksting for tv-marknaden, men har også stor aktivitet innan dubbing. SDI har individuelle avtalar med tekstarane og dubbemanusomsetjarane sine, som må vere sjølvstendig næringsdrivande. I tillegg har dei nokre få fast tilsette medarbeidarar.

NAViO var i forhandlingar med representantar for SDI i Stockholm i desember 2012. Også der la vi fram krav om ein auke i honorara tilsvarende auken i konsumprisindeksen etter førre honorarjustering. Krava våre blei møtte med ei viss forståing, og SDI lova å rekne på tala og komme tilbake til saka, men konkrete resultat av denne kontakten har late vente på seg, sjølv om vi ved fleire høve har etterlyst tilbakemeldingar.

Biovisjon

Det er om lag 30 tekstarar som jobbar for Biovisjon. Dei opererer for det meste på tv-marknaden, som hovudleverandør for TV 2, men driv også med omsetjing av kommentarmanus og innlesing av kommentarar for andre. Biovisjon har individuelle avtalar med tekstarane sine, som i hovudsak er sjølvstendig næringsdrivande. Byrået har også tekstarar som går i vaktordning for TV 2 i Bergen.

NAViO inviterte Biovisjon til forhandlingar på nyåret 2013, og var i møte med leiinga der den 25. april. Frå Biovisjon møte Per Magne Jensen, Håvard Martinsen og advokaten deira. Frå NAViO møte Ole Jan Borgund, Ragnhild Ruud og advokat Hans Marius Graasvold. Vi møtte positiv interesse frå Biovisjon og ei viss støtte til det faglege arbeidet vi driv, men også Biovisjon ønskjer å ha individuelle avtalar med tekstarane sine. Dei opplyste på møtet at dei ville gjennomføre samtalar med tekstarane framfor ein planlagd honorarauke ved årsskiftet.



På seinsommaren sende NAViO inn sine innspel til kva Biovisjon burde leggje vekt på ved den kommande honorarjusteringa.

I desember 2013 sende Biovisjon ut varsel om ein honorarauke frå årsskiftet. Denne meldinga inneheldt også ei oversikt over honorara byrået ville tilby gjennom dei nærmaste tre åra.

NRK

NRK har knytt til seg om lag 70 tekstarar, som tekstar for NRKs eigne kanalar, både omsetjingar og teksting for høyrselshemma. NRKs tekstarar er i all hovudsak lønsmottakarar, men då som frilansarar. NRK har ein avtale med Tekster- og oversetterforeningen i NRK (TOF), og honorarsatsane blir oppjusterte årleg.

Andre tekstebyrå

Det finst ein del mindre tekstebyrå i utlandet som er aktive på den norske marknaden. Biletet er nokså uoversiktleg. NAViO har hatt ein viss kontakt med OrdKedjan i Sverige, men utan å komme særleg langt. Det finst også ei rekkje internasjonale aktørar som tilbyr oppdrag med honorar som ligg langt under sjølv det som er gjengs på den private marknaden elles. NAViO har teke kontakt med fleire av desse byråa for å informere om retten til å underteikne verket sitt med ein krediteringstekst, men vi får lite respons på desse meldingane.

Dubbemanus- og kommentarmanusomsetjing

Det finst fleire større og mindre aktørar på denne marknaden, og til dels er det dei same som driv med teksting. Honorara i denne delen av bransjen har vore under press i lengre tid, både når det gjeld omsetjing og tilpassing av tekst, og når det gjeld innlesing og innspeling. Skodespelarforbundet har lenge lege i strid med byråa om skodespelarhonorara for dubbing.

7 INTERNASJONALT ARBEID

7.1 Nordisk samarbeid

Også i 2013 har det vore ein god del kontakt mellom NAViO og Forum for Billedmedieoversettere (FBO) i Danmark. Vi har dessutan hatt mykje kontakt med systerforeiningane i Sverige og Finland. FBO og NAViO tok initiativ for å få i stand ein nordisk tekstarkonferanse i 2013, i samarbeid med blant andre tekstarforeiningane i dei andre nordiske landa. Konferansen blei halden i Stockholm i september, og det ser ut til at han har medverka til nærare kontakt mellom audiovisuelle omsetjarar på tvers av landegrensene.

I Sverige har tekstarane organisert seg i ein eigen klubb for audiovisuelle omsetjarar innanfor Journalistförbundet, og dei har vore svært aktive i 2013, ikkje minst med gode oppslag i media. Dei svenske tekstarane har blant anna drive ein kampanje for å gjere SVT og UR medvitne om at også dei som kjøper tenester frå tekstebyråa, har eit ansvar for vilkåra i bransjen.

I Finland har det vore mykje uro etter at den store kanalen MTV hausten 2012 sette bort tekstinga til BTI. Om lag 100 tekstarar hamna i ein fastlåst arbeidskonflikt med byrået. I 2013 inngjekk det finske journalistforbundet ein avtale med fire andre tekstebyrå om honorara for teksting av MTV-program, men BTI valde å stå utanfor denne.

7.2 Europeisk samarbeid

NAViO er medlem av Audio Visual Translators Europe (AVTE). AVTE blei stifta i 2011, men det har teke tid å få på plass eit fungerande organisasjonsapparat. Det blei halde eit møte i AVTE i Dubrovnik den 27. september i samband med konferansen Media for All. Ole Jan



Borgund møtte der som representant for NAViO. Amalie Foss frå FBO blei då vald til leiar for AVTE og Ole Jan Borgund til nestleiar.

NAViO er medlem Fédération Internationale des Traducteurs (FIT), som organiserer både omsetjarar, tolkar, tekstalar og terminologistar. Den 2. og 3. mars 2013 hadde FIT eit av rådsmøta sine i Oslo, uheldigvis samtidig med Oversatte dager, og NAViO ved Ole Jan Borgund var då til stades som observatør. Han nytta også høvet til ein samtale med leiinga for FIT om situasjonen i Noreg.


8 SLUTTORD

Vi kan vel trygt seie at NAViO i dag står overfor store *utfordringar*. Det gjeld først og fremst honorara og arbeidsvilkåra i den private delen av tekstebransjen. I realverdi blir honorara per minutt stadig lågare, noko som inneber at ein må jobbe raskare for å oppnå ei rimeleg timelønn, og det må nødvendigvis få følgjer for kvaliteten. For det andre er retten til vederlagsmidlar under angrep frå sterke aktørar i bransjen. No merkar vi også at statusen som opphavspersonar og dei ideelle rettane som følgjer med den, er under press.

I denne situasjonen er NAViOs arbeid viktigare enn nokosinne. Vi må vere aktive overfor byråa og andre i bransjen som har innverknad på vilkåra våre, og vi må vere ein pådrivar overfor styresmaktene. Men ikkje minst er det viktig at vi står saman og støttar kvarandre. Kvar for oss står vi svakt overfor ein mektig motpart, men saman kan vi nå langt.


For å seie det med Jan Erik Vold (frå *Mor Godhjertas glade versjon. Ja*):

Det er håpløst
og vi gir oss ikke



Nicolai Herzog


May-Hilde Hoelstad


Morten Gottschalk


Ole Jan Borgund


Mona Grønlie Herzog


Marianne Hagen


Torge Vik



Registrert Revisor
Bente Wilhelmsen

Rådhusgaten 23 B
0158 Oslo

Telefon 22 47 76 70 Telefaks 22 42 09 52 E-mail bw@rbw.no

Til årsmøtet i
NAVIO – Norsk Audiovisuell oversetterforening

REVISORS BERETNING FOR 2013

Uttalelse om årsregnskapet

Jeg har revidert årsregnskapet for NAVIO – Norsk Audiovisuell oversetterforening, som viser et overskudd på kr 174.611,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2013, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Min oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av min revisjon. Jeg har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at jeg etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for foreningens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foreningens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter min oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for min konklusjon.

Konklusjon

Etter min mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til NAVIO – Norsk Audiovisuell oversetterforening per 31. desember 2013 og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Medlem av Den norske Revisorforening
Revisor nr. 962661475
www.rbw.no



Registrert Revisor

Bente Wilhelmsen

Rådhusgaten 23 B
0158 Oslo

Telefon 22 47 76 70 Telefaks 22 42 09 52 E-mail bw@rbw.no

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på min revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor mener jeg at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet, og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på min revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger jeg har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener jeg at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på min revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger jeg har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener jeg foreningen er forvaltet, og tilskudd benyttet i samsvar med lov, foreningens formål og vedtektene for øvrig.

Oslo, 11. april 2014

Bente Wilhelmsen
Registrert revisor

Medlem av Den norske Revisorforening
Revisor nr. 962661475
www.rbw.no